

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: VWSKZY

Registrert dato:

13.09.2018 23:28:19

Talet på vedlegg: 1

## Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg  
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Føretak/lag/foreining

Lindås Idrettslag , Turgruppa

Namn på innsendar

Helge Fjellanger

Rolle

Medlem i gruppa

Adresse

Ganle Prestavegen 13

Postnummer

5955

Poststad

LINDÅS

Telefon

95740080

Telefaks

## Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031  
 FV57 Gang- og sykkelveg Skodvin Vågseidet

Uttale

LYSTLØYPA PÅ LINDÅS.

Ide: Liv & Lyst Lindås

Planlegging og drift: Lindås Idrettslag v/ Turgruppa.

Det har ei tid vore arbeid med ei trim / aktivitetssløype på Lindås

i området mellom Lindås Senter /Fonnestvegen / Lindås Aldersheim /Kolås. Området er eigd av Lindås Kommune gnr. 108 bnr.161og Opplysningsvesenets fond(statsskog) gnr108 bnr.622. B.nr 622 er bygsla av Lindås Kommune.

Kulturavdelinga, eigdomsavdelinga og planavdelinga i Lindås Kommune er orientert om at me arbeider med ei aktivitetssløype på ca 1300 meter i området. Løypa er tenkt som ein 2 meter brei grusa turveg. Den må kunna brøytast om vinteren.

Frå Lindås Senter parallellt med Fonnebostvegen ligg restar av Den Trondhjemske postveg. Dette er eit kulturminne. Statens Vegvesen er kontakta og har vore med på synfaring. Det er enno uklårt om postvegen kan nyttast som ein del av aktivitetsløypa eller den kan vera ein attraksjon i løypa.

Lystløypa er særleg tenkt brukt/ tilrettelagt for barnehagar, uteskule, bebuar ved Lindås Bu og servicesenter og bygdefolk. Det må med tida opparbeidast leikeareal, akebakke, benkar, gapahuk, bål plass, m.m. .

Turgruppa har over fleire år opparbeid turløype til Kolåstoppen og helt for tida på med ei rundløype på Kolåsfjellet. Kolåstoppen vart sist år besøkt av 17000 trimmarar. Lystløypa er tenkt tilrettelagt for dei som ikkje maktar/har tid til å gå til Kolåstoppen.

## Vedlagt dokumentliste

LYSTLØYPA PÅ LINDÅS.docx